

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristik

Den Indre farleia

- Fiskarbonden sitt landskap ved farleia

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Frå Alversund til Kjelstraumen, og frå Bøkeskogen til vest....Radøy. Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

Landskapet ligg innaskjers, i enden av den geologiske formasjonen Bergensbogane. Det er lågt og langstrakt, og dei fleste landskapselementa strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman.

Dei rike saltvatnstraumane har gjeve grunnlag for meir permanent busetnad i steinalderen, og her kom tidlig byrjande jordbrukstilpassing. Fosnstraumen er mellom dei mest framståande eksempla på tidlig permanent busetnad i landet, og er ein svært rik funnstad. Like ved Fosnstraumen, på Straume, er det funne om lag 4500 år gamle pollen av korn som vitnar om bufast kombinasjonsbruk av jordbruk og fiske. Det kultiverte lyngheilandskapet breidde seg etter kvart over heile området, og det kombinerte næringsgrunnlaget av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet har vore det viktigaste livsgrunnlaget i landskapet heilt fram til vår tid. Dette leveviset heldt i stor grad fram etter jordskiftereforma, i mange små bygder og tun med sjølvbergande bruk. Gardseigedomane frå denne tida går frå li til sjø, med stort innslag av felleseigde kaier, naust, steingardar og utløer.

Lynghiane på Lygra er eit markant element i landskapet, og har stor tidsdjupne. Då jordbruket kom vart det meste av landskapet på relativt kort tid prega av snauhogst, beite og pleie av lynghieier. Landskapet er framleis prega av lite trevekst, særleg i ytre strøk, og av store myrer som tidligare var torvmyrer der ein henta brensel. Det skogfattige landskapet er eit av kjerneområda for samanbygde hus og for bruk av stein som byggemateriale til gardflorar, løer og steingjerde. Slik fortel landskapet om eit kulturfellesskap kring Nordsjøen som sjøen batt saman.

Steinalderbuplassen ved Fosnstraumen, dei fyrste jordbruksspora og dei vide lynghieiene ligg ved ei indre farlei som har vore nytta til samferdsle og kulturutveksling i uminnelege tider. Den heilårsopne leia i Nordhordland fører gjennom landskapet frå Alverstraumen, gjennom den vide Lurefjorden og ut Kjelstraumen til Fensfjorden. Dette har vore, og er, ei viktig ferdsléare der dei talrike gravrøysene langs leia ber vitnesbyrd om stor tidsdjupne og om maktstrukturar. Kongsgarden på Seim, der Håkon den gode etter tradisjonen skal være gravlagt, ligg strategisk plassert litt tilbaketrekt frå leia, midtvegs mellom dei tronge innløpa.

Ved utløpet til leia ved Fensfjorden ligg handel- og overnattingsstaden Kjelstraumen, og sør om utløpet til farleia ligg Håøytoppen, som har vore forsvarsverk i 1000 år. Midtveges i leia ligg kyrkjestaden Lygra som eit samlande element, her ligg også handelstaden Bruknappen. I Alversund ligg kyrkjestaden like ved sjøen, og på Lindås ligg ruinen til ei av få steinkyrkjer i Nordhordland.

Postvegen til Trondheim brukar fleire stader farleia. I nyare tid gjekk dampen her. Dei mange dampskipkaiene langsetter leia var knutepunkt og post-, gjestgjevar- og handelstader. Lindåsslusane er eit særmerkt kulturminne knytt til denne epoken. «Kipestrilen» som heldt til i landskapet brukte leia for å kome til Bergen med varer.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Landskapet ligg innaskjers, og er lågt og langstrakt. Dei fleste landskapselementa strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman. Landskapet fortel om overgangen frå dei fyrste faste bustadene med fangst og fiske som leveveg, til å ha eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet. Steinalderbusetnadene ved Fosnstraumen ligg like ved kornfunna på Straume. Dei mange små bruka som pregar landskapet i dag har eigedomsstruktur frå etter jordskiftereformen på 1830-talet, men lyngheibonden og fiskarbonden har hatt det same kombinerte livsgrunnlaget som dei som slo seg ned på Straume.

Lygheilandskapet ved Lyngheisenteret på Lygra er eit markant element i landskapet. Tidligare var heile landskapet snaubeita, nedhogde lyngheier. Landskapet er difor prega av lite trevekst, særleg i ytre strøk, og store myrer. Landskapet er eit kjerneområde for samanbygde hus og for bruken av stein som byggemateriale.

I dette landskapet går den indre farleia, frå Alversund til Kjelstraumen. Leia har små og middels store rom, og passerer mange kulturminne som er plassert ved denne strategisk viktige ferdsleåra. Seim har vore kongsgard, og ligg sentralt i landskapet.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Permanent busetnad og framvekst av eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk har stor tidsdjupne og ein kontinuitet i landskapet. Lygheilandskapet på Lygra er sjeldant og framståande i nasjonal og internasjonal samanheng. Landskapet er eit av dei nasjonale kjerneområda for samanbygde hus og for bruk av stein som byggjemateriale, som plasserer landskapet i eit kulturelt felleskap med andre område kring Nordsjøen. I dette landskapet ligg den strategisk viktige indre farleia. Den har mange kulturminne knytt til seg med stor tidsdjupne og høg opplevingsverdi. Her er mange gravrøyser som vitnar om maktstrukturar i forhistoria. Kongsgarden på Seim vitnar om kor viktig den indre farleia var i vikingtid og kva rolle den spelte i Noregshistoria.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet er sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.

Forvaltning:

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.